



Nordfjordeid 19.11.2013

Til Eid kommune **Plan-og utviklingsavdeling v/** Cecilie Marie Åshamar.

Uttale vedrørende forslag til endring av reguleringsplanen for Nordøyrane, arealet syd for Fargerelva.

Strandsona inst i Eidsfjorden representerer eit av dei få fjordelta som er att i Nordfjord. Strandområdet ved Eid sentrum er det einaste området i kommunen med denne naturtypen. Det er eit sentralt element i fjordlandskapet. Grus og sand som isen la frå seg etter istida og som heile Eid kviler på, skrånar her ut i sjøen dannar eit område som gir grobotn for mange mikroorganismar og eit mangfaldig plante- og dyreliv.

Møtet mellom land og hav er eit produktivt område. Eit slikt grunt områd som regelmessig blir oversvømt av sjøvattn kallast strandeng eller strandsump. Her ligger forholda maksimalt til rette for tang og tare og andre vekstar, noko som gir grunnlag for høg biologisk aktivitet.

Bløtbunn er en meget viktig habitattype langs vår kyst. Hoveddelen av dyrene finnes i de øverste 10-15 cm av bunnsedimentet. Mange fjæremark og fisk, sandskjell lager rør av mudder eller sandkorn eller graver gangsystemer nedover i sedimentet. En viktig gruppe av arter om lagrer sedimentet ved og graver ut mudder i dype lag og deponere det på overflaten. Denne aktiviteten er viktig for å holde sedimentet friskt og sikre tilgang på oksygen nedover i sedimentet. Ved en utfylling vil alt dette forsvinne (**kvalt**) under sammen pressing av steinmassen.

Dette utgjør eit viktig beitemråde for mange fugleslag, både trekkfuglar og vadefuglar (eksempelvis på fuglar i område er stære, vipe, linerler, tjeld, storspove, fleire andefuglar, ja vi har sett 32 ulike fugleslag her i dette område). For trekk fuglanefungerer slike grunne sjøområder som mat- og kvilestasjon under trekket.

Dette området kan vi karakterisera som ein nøkkelbiotop på ein naturtype som tradisjonelt ikkje har vore særlig verdsett .

Naturverdiane i området, blant anna som oppvekst- og fødeområder for fugl og fisk, er store men ikkje godt kartlagt eller vurdert i planarbeidet.

Naturverdiane i området er beskyttas både gjennom Plan- og bygningsloven, gjennom Naturmangfaldsloven og gjennom nasjonale retningslinjer og forvaltningspraksis for ivaretaging av elvedelta og verdifulle marine naturtypar.

Vi meiner verdien av dette naturområdet er sterkt undervurdert. Det er derfor ekstra viktig at vi tar vare på det som er att av området. Dette kan brukas av bygdefolk og turister, til undervising i skulane og rekreasjon.

Vi vil minne kommune om at dette området allereie er sterkt redusert ved utfylling av Sjøgata og Moen vest. Ei vidare utfylling vil bli eit nytt stort **overgrep** mot **naturen** og i mot det som er att, og kan få alvorlig konsekvensar for dyr og fuglar og trekkfuglane fordi slike grunne sjøområder er mat- og kvilestasjon under trekket.

Er 40 år med utfylling og herjingar med strandsona ein grunn til å fortsette til det ikkje er noe att? At noen seier at det er for seint å bevare fjæra på Nordfjordeid, forteller om dårleg forståelse, innsikt og kunnskapsmangel om det marine liv som finnes igjen i dette sentrumsnære område. Naturvernforbundet i Eid har fleire gangar pekt på dette forholdet i aviser, i rapport til kommunen. Vi har kommet med fleire innspel i denne saka. Dette er såleis ikkje noko som er ukjent for kommunen.

Vi i Naturvernforbundet i Eid har ein av flere lysbildeserie om dette område, den er informativ. Vi kan komme og vise den frem. (**Gratis**)
Gjerne med planleggere, arkitekter og ordfører.

Klima endring er i gong og vi bør heller ruste opp område og lage til friområde og bade område med mini malt med utfylling. (**Pengar spart.**)

Naturvernforbundet i Eid saknar planleggere som sier klart i frå at de tar klimatrusselen alvorlig og planlegger utifrå dette. Den siste rapporten fra FNs klimapanel underbygger det vi tidligere har meint om at klimaet på jorden er i endring og at dette i høy grad skyldes menneskene sine utlipp. Risikoen for ekstremvær vil øke i årene som kjem. Vi vil få mer nedbør og økte stormar. Kommunen bør heller bruke tid og pengar på å sikre Eid sentrum og de som bor der. Her kjem nokon grunnar

11 gode grunnar til å bevare Nordøyrande.

Dette området er sårbart som eit egg i reir.



1. Området er unikt grunna nærleiken til sentrum – det er lett å komme til, og er viktig i turistsamanheng. Vi brukar mykje ressursar på og byggje opp attraksjonen, men gløymer naturmangfaldet.
2. Det er eit viktig oppvekstområde for fisk og mikroliv.
3. Det er ein unik stad for barnehagar til å oppleve fugleliv.
4. Området er ein viktig biotop for trekkjande fuglar, her kan vi sjå fleire raudlisteartar, som makrellterner, hettemåker, storspover, starar og vipper - over 32 fugleartar er sett.
5. Over 250 personar skreiv under på at dette området er unikt. Vi treng klarare styring, og ikkje la strandsoneokkupantar styre utviklinga.
6. Området bør brukast i undervisning.
7. Hugs at strandsitjarmiljøet nesten er gløymt.
8. Havet stig, og stormane blir fleire, kva då?
9. Strandenger står på den norske raudlista, og er ein truga naturtype.
10. Dette området er ein arv vi skal gi til kommande slektsledd.



11. Skattejakt i fjæra .

Med vennleg helsen Naturvernforbundet i Eid v/Thorleif Jakobsen